



Jørn Øyrehagen Sunde er ein engasjert og usedvanleg dyktig føredragshaldar.

**Det vart ein engasjerande kveld i Uskedal kyrkje onsdag kveld. Dei godt 85 tilhøyrarane sat som tende ljøs då Jørn Øyrehagen Sunde ga eit forrykande innsyn i korleis ein opphaveleg jødisk tradisjon kopla med irsk klostertradisjon har påverka retts- og samfunnsutviklinga i Noreg og Europa frå mellomalderen og framover.**

Kristian Bringedal ynskte velkomen til både frammøtte og deltakarar på vegne av soknerådet, og konstaterte at temakveldane som har vorte haldne i år, avgjort har slege an. Frammøta har vore svært bra, og attendemeldingane har vore berre positive, så dette er eit tiltak ialfall underteikna meiner ein ikkje kan slutta med. Etter allsong av "Det lyser i stille grender", akkompagnert av musikklaget, song Lina Håland "Mitt hjerte alltid vanker" med same akkompagnatør. Etter førelesinga var det allsong att, "Deilig er jorden", og Lina Håland song "Stille natt" - baa deler akkompagnert av musikklaget. Svanhill Haugland takka på vegne av soknerådet, og Lina og Jørn fekk kvar sin CD (Stig Børsheim si tonesetjing av dikt av Olav H. Hauge). Lina lyste Herrens velsigning før me meir og mindre øre gjekk heim om lag kl. 20.30.



Sokneprest Lina Håland og musikklaget ramma inn føredraget med kjære julesongar.

## Dei fire døtrene

Jørn starta med at eit av vilkåra han hadde stilt for å koma, var at han kunne halda kåseriet i kyrkja, og at det kunne haldast så nærre jul at han kunne oppleva julestemninga som berre regnelingar og kulingflager kunne gje. Når då musikklaget og var med, vart stemninga komplett.

Bakgrunnen for omgrepet "dei fire døtrene" er jødisk tradisjon utvikla av dei som studerte skrifter i det gamle testamentet fram til om lag år 600 e.kr. Fire (skal me kalla det) dygder vert omtala i Salme 85, vers 11, nemleg sanning og fred, rettferd og miskunn - dygder som var eit vilkår for at Adam og Eva skulle få vera i Edens hage. Desse dygdene vart representerte ved kvar sin engel frå Gud. Kring dette har det vorte fleire legender, og Irland, som tidleg hadde eit velutvikla klostersistem, med svært godt studerte (og flinke) munkar, tok tidleg tak i dette. Det var då kaotiske tider i Europa. Då klostersistemet elles i Europa vart systematisert frå 700-talet og utover, vart tradisjonane frå det irske systemet eit føredøme og mønster. Alt språk i klostersistemet - som og i kyrkja - var latin, og i dette språket er alle dygdene hokjønnsord (tre av dygdene er hannkjønnsord på hebraisk). Dei representerte englane enda difor etter kvart opp som "Guds fire døtre", utan at ein la noko familiært i det. Desse tradisjonane hadde så stort sett sitt liv og utvikling i kloster- og kyrkjetradisjon fram til 1 000-talet. Legendane kring desse systrene vart og populære som forteljingar i Europa.

Ifylgje læra skulle kongen som lovgjevur byggja lovene på dygdene døtrene representerte. Utøving av jus skulle vera i samsvar med kyrkjelæra. Dygden dei fire døtrene representerte hadde fått, måtte takast med når lovene vart laga, og ein dom måtte vera basert på dei. Ifylgje Thomas av Aquinas hadde få fått forstand frå Gud. Ved rettsutøving vart det nærast eit diktat at lovene skulle representera forstanden, og omfattande vurderingar i høve til dei skulle ikkje finna stad. I Noreg kom Magnus Lagabøtar si Landslov i 1274. Dette er den einaste lova i verda der dei fire døtrene er nemnt. Dei som dømer, har etter denne lova eit påbod om å sjå til at ein ikkje er så firkanta at domen ikkje vert etter "lova sin intensjon". Dette står i stor kontrast med Thomas av Aquinas, som har mindre tiltru til at rettferd kan utøvast av andre enn "dei få, og riktig forstandige". Ved dom skal dette berre vera "etter lova sin bokstav". Landslova vart ikkje oppheva før i 1604, og har hatt mykje å seia for korleis rettsutøvingstradisjonane er i Noreg.

Den forrykande førelesinga vart avrunda med nokre fram- og attendespel mellom Jørn og tilhøyrarane.

Eg ber dykk bera over med at ei ytterlegare nedkorting av ein opphavelig 60 siders artikkel av Jørn kan verta noko tung å fordøya.

Jørn har ikkje teke honorar for dei to førelesingane han har gjeve på sine to temakvelder. Dei har etter hans ynskje vorte avslutta ved at tilhøyrarane har gjeve ei høveleg gåve til Kirkens bymisjon ved utgang.

Tekst: Svein Rimestad

Foto: Reidar Myklebust og Frode Sæbø

Nett: Thor Inge Døssland